



Nynorsk kultursentrum

Vedtaksprotokoll styremøte

Ivar Aasen-tunet, Ørsta, fredag 11. desember 2015
kl. 09.30–15.45 med julebord kl. 19.30

Til stades

Lodve Solholm (styreleiar), Grete Riise (nestleiar), Georg Arnestad, Sigrun Høgetveit Berg, Brit Bildøen, Jon Østbø, Stina Aasen Lødemel, Mona H. Hellesnes (rådsordførar, observatør), Gaute Øvereng (sak 68), Geir S. Netland (sak 68), Laila W. Lid (sak 75), Ottar Grepstad (sekretær)

Sakliste

Konstituering

- 62/2015 Innkalling og sakliste
- 63/2015 Godkjenning av protokoll

Saker til orientering

- 64/2015 Referatsaker
- 65/2015 Aktuelle saker
- 66/2015 Personalsaker

Vedtakssaker

- 67/2015 Rekneskap januar–oktober 2015
- 68/2015 Drifts- og investeringsbudsjett 2016
- 69/2015 Likviditetsbudsjett 2016
- 70/2015 Årsmelding 2015
- 71/2015 Prosjektplan Vinje-senteret
- 72/2015 Søknader om offentlege tilskot 2017
- 73/2015 Langtidsplan butikkar nr. 5 2016–2019
- 74/2015 Langtidsplan kulturprogram nr. 2 2016–2019
- 75/2015 Kommunikasjonsplan nr. 9 2016–2019
- 76/2015 Språksamlingane og vitskaplege ordbøker
- 77/2015 Dei nynorske festspela
- 78/2015 Olav H. Hauge-prisen
- 79/2015 Diktkammeret.no
- 80/2015 Vinjefondet: tiltak for språkkompetanse

- 81/2015 Organisasjonen Nynorsk kultursentrum
82/2015 Revidert arbeidsavtale for direktøren
83/2015 Neste møte og styresemnar juni 2016

Drøftingsaker

- 84/2015 Resultatvurdering haustsesongen 2015
85/2015 Museum i den nye folkevandringstida

Konstituering

62/2015 Innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjend.

63/2015 Godkjenning av protokoll

Vedtak

Protokoll frå styremøte 1.10.2015 er godkjend.

Saker til orientering

64/2015 Referatsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

65/2015 Aktuelle saker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

66/2015 Personalsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

Vedtaksaker

67/2015 Rekneskap januar–oktober 2015

Vedtak

Styret tek rekneskap januar–oktober 2015 til vitende.

68/2015 Drifts- og investeringsbudsjett 2016

Vedtak

1. Styret godkjenner drifts- og investeringsbudsjett for 2016 under føresetnad av at drifta kan finansierast.
2. Frå og med 2016 blir det laga budsjett for prosjekt som ein reknar med kostar minst 250 000. Direktøren godkjenner slike prosjektbudsjett inntil 500 000, og styret godkjenner budsjett for større prosjekt.

69/2015 Likviditetsbudsjett 2016

Vedtak

Styret tek likviditetsbudsjettet for 2016 til vitende.

70/2015 Årsmelding 2015

Vedtak

På grunnlag av drøftinga i møtet får styret framlegg til styrets årsmelding 12.2.2016 med merknadsfrist 17.2.2016. Styret gjer endeleg vedtak på neste styremøte.

71/2015 Prosjektplan Vinje-senteret

Vedtak

1. På grunnlag av saksførelegg og drøftinga i møtet lagar administrasjonen framlegg til overtakingsavtale som blir teken med i den endelege prosjektplanen.
2. Styret drøftar beta-versjon av prosjektplanen på neste styremøte, men gjer ikkje noko vedtak som bind institusjonen i vidare drøftingar og forhandlingar.
3. Styreleiar og nestleiar er forhandlingsdelegasjon frå Nynorsk kultursentrum med direktøren som medhjelpar.

72/2015 Søknader om offentlege tilskot 2017

Vedtak

Administrasjonen arbeider vidare med søknader om offentlege tilskot 2017 på grunnlag av drøftinga i styret.

73/2015 Langtidsplan butikkar nr. 5 2016–2019

Vedtak

1. Med dei merknadene som kom fram i møtet, godkjenner styret *Langtidsplan butikkar nr. 5 2016–2019*.
2. Butikkplan for Vinje-senteret blir drøfta seinare.
3. Styret drøftar neste utgåve av langtidsplanen i 2019.

74/2015 Langtidsplan kulturprogram nr. 2 2016–2019

Vedtak

På grunnlag av saksførelegg og drøftinga i møtet handsamar styret endeleg framlegg til *Langtidsplan kulturprogram nr. 2 2017–2020* på møtet i juni 2016.

75/2015 Kommunikasjonsplan nr. 9 2016–2019

Vedtak

1. Styret godkjenner *Kommunikasjonsplan nr. 9 2016–2019* med dei merknadene som kom fram på møtet.
2. Styret godkjenner fargepalett og logo for Vinje-senteret på møtet i februar 2016.
3. Styret drøftar kommunikasjonsstrategi for Vinje-senteret og Litteraturdagane i Vinje på møtet i september 2016.

76/2015 Språksamlingane og vitskaplege ordbøker

Vedtak

Styret takkar direktøren for vel gjennomført arbeid med saka.

77/2015 Dei nynorske festspela

Vedtak

1. Styret bed om at nødvendige rutinar og grep for god langtidsplanlegging blir tekne.
2. Det blir ikkje oppretta programråd for Dei nynorske festspela no.

78/2015 Olav H. Hauge-prisen

Vedtak

Styret bed administrasjonen avklare rammer og finansiering for eit stipend med arbeidstittelen «Hauge-stipendet for unge diktarar» til neste møte.

79/2015 Diktkammeret.no

Vedtak

1. Styret godkjenner revidert utviklingsbudsjett for Diktkammeret.no med ei øvre kostnadsgrense på 575 000 kroner.
2. Drift av Diktkammeret.no i 2016 er inkludert i det vedtekne driftsbudsjettet for 2016.
3. Styret føreset at vidare drift frå og med 2017 blir inkludert i dei årlege driftsbudsjetta for Hauge-senteret.
4. Styret bed om statusrapport og ein presentasjon av den nye nettstaden på møtet i februar.

80/2015 Vinjefondet: tiltak for språkkompetanse

Vedtak

1. Hovudpunkt 2 og 3 i vedtaket i sak 45/2015 blir oppheva. Midlane som blei sette av til språkopplæring, blir inkluderte i den samla summen som blir lyst ut i 2016.
2. Ved utlysinga blir det framheva at tiltak til språkopplæringstiltak blir særleg prioriterte.

81/2015 Organisasjonen Nynorsk kultursentrum

Vedtak

Administrasjonen tek synspunkta frå drøftinga med i det vidare arbeidet med saka fram til konklusjonar innan utgangen av 2016.

82/2015 Revidert arbeidsavtale for direktøren

Vedtak

Styret tilbyd direktøren ein revidert arbeidsavtale.

83/2015 Neste styremøte og styreseminar juni 2016

Vedtak

1. Neste styremøte blir flytta til 25.2.2016.
2. Administrasjonen arbeider vidare med seminarprogrammet på grunnlag av drøftinga i møtet.

Saker til drøfting

84/2015 Resultatvurdering haustsesongen 2015

Vedtak

Styret tek oppsummeringa til vitende.

85/2015 Museum i den nye folkevandringstida

Vedtak

1. Styret ser positivt på eit initiativ frå Nynorsk kultursentrum som kan gjere norske museum til ein konstruktiv aktør i norske kultur møte med innvandrarar og flyktingar, der språk og identitet blir ein del av arbeidsgrunnlaget.
2. Styret bed rådet drøfte saka i mars 2016.
3. Styret drøftar saka på ny i juni 2016.

Godkjenning av protokoll

Protokoll frå møte 11.12.2015 er godkjend i møte 25.2.2016.

Lodve Solholm

Grete Riise

Georg Arnestad

Sigrun Høgetveit Berg

Brit Bildøen

Jon Østbø

Stina Aasen Lødemel

Ottar Grepstad